
PLANPROGRAM

Privat detaljregulering for Gaddholmen, gbnr. 27/1249, Hydrogenanlegg.

OPPDRAKSGIVER

HyFuel AS

EMNE

Planprogram

DATO / REVISJON: 13. Desember 2024 / 02

DOKUMENTKODE: 10260745-01-PLAN-NOT-01



Multiconsult

Dette dokumentet har blitt utarbeidet av Multiconsult på vegne av Multiconsult Norge AS eller selskapets klient. Klientens rettigheter til dokumentet er gitt for den aktuelle oppdragsavtalen eller ved anmodning. Tredjeparter har ingen rettigheter til bruk av dokumentet (eller deler av det) uten skriftlig forhåndsgodkjenning fra Multiconsult. Enhver bruk av dokumentet (eller deler av det) til andre føremål, på andre måter eller av andre personer eller enheter enn de som er godkjent skriftlig av Multiconsult, er forbudt, og Multiconsult påtar seg intet ansvar for slikt bruk. Deler av dokumentet kan være beskyttet av immaterielle rettigheter og/eller eiendomsrettigheter. Kopiering, distribusjon, endring, behandling eller annen bruk av dokumentet er ikke tillatt uten skriftlig forhåndssamtykke fra Multiconsult eller annen innehaver av slike rettigheter.

NOTAT

OPPDRAG	Planprogram for produksjonsanlegg for hydrogen	DOKUMENTKODE	10260745-01-PLAN-NOT-01
EMNE	Planprogram	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAGSGIVER	HyFuel AS	OPPDRAGSLEDER	Solveig Renslo
KONTAKTPERSON	Odd Peter Ørjasæter	UTARBEIDET AV	ASV/SR
		ANSVARLIG ENHET	10233052 Akva og plan Vest Stord

02	13.12.2024	Endringer etter oppstartsmøte	SR	ASV	SR
01	20.11.2024	Planprogram	ASV/SR	LML	SR
VERS	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

INNHALD

1	Innledning	Error! Bookmark not defined.
1.1	Tiltakshaver og konsulent	5
1.2	Føremål med planarbeidet	5
1.3	Planavgrensing	5
1.4	Premisser for planarbeidet	6
1.5	Lovgrunnlaget	6
1.6	Plan og utgreiingar som ligg til grunn for arbeidet	6
1.6.1	Forholdet til overordna plan og statlige retningslinjer	6
1.6.2	Kommuneplanen for Kinn (2017—2027)	7
1.6.3	Reguleringsplaner	7
1.6.4	Pågående planarbeid	8
1.6.5	Naudsynte løyve etter anna lovverk	10
1.7	Krav om konsekvensutredning.....	10
2	Omtale av planområdet	10
2.1	Staden	10
2.2	Influensområdet	11
3	Viktige problemstillinger i forhold til miljø og samfunn	11
3.1	Eksplasjon og brannfare	11
3.2	Naturmangfald	11
3.3	Naturfare	12
3.4	Risiko- og sårbarhetsanalyse.....	13
4	Omtale av planforslaget	14
4.1	Vatn og avlaup	15
4.2	Industrielle symbioser.....	16
4.3	Skalerbart anlegg	15
4.4	Trafikk og tilkomst	16
5	Alternative planforslag	16
6	Oppfølging av planinitiativet	17
7	Økonomiske konsekvensar for kommunen	17
8	Planprosess	17
8.1	Framdriftsplan	17
8.2	Informasjon og medvirkning	18
8.3	Uttgreiingsbehov i planprosessen	18
8.3.1	0 alternativet	18
8.3.2	Oversikt over tema som skal beskrives eller konsekvensutgreiast	19

Planprogram

1 Innleiing

1.1 Tiltakshavar og konsulent

Fagkyndig	Firma	Multiconsult Norge AS
	Kontaktperson	Solveig Renslo
	E-post	Solveig.Renslo@multiconsult.no
	Telefon	901 67 167

Forslagsstillar	Firma	HyFuel AS
	Kontaktperson	Odd Peter Ørjasæter
	E-post	odd.peter.orjaseter@hyds.no
	Telefon	481 35 351

Heimelshavar anleggsområde	Firma	Fjord Base AS
	Kontaktperson	Stig Førde
	E-post	Stig.forde@fjordbase.no
	Telefon	90910176

Saksbehandlar	Kontaktperson	Janicke Svendal
	E-post	Janicke.Svendal@kinn.kommune.no
	Telefon	95430302

1.2 Føremål med planarbeidet

Føremålet med planendringen er å legge til rette for etablering av eit hydrogenanlegg. Tiltaket skal bidra til å avkarbonisere den maritime sektoren.

Gjeldande områdeplan må endrast fordi planen ikkje i tilstrekkeleg grad er avklart for dette føremålet.

1.3 Planavgrensing

Areal planlagd for sjølve hydrogenanlegget er ca. 18 daa, i tillegg skal det regulerast inn ei omsynssone knytt til brann- og eksplosjonsfare. Endeleg plangrense vert fastsett seinare i planprosessen.

Innanfor planområdet i vest, ligg delar av Havlandet havbruk. I aust inngår ein del av eit område for mellomlagring av casing rør (OCTG). I sør er det sjø og øyer med naturleg vegetasjon. Planområdet omfattar heile eller delar av eigedomane gnr./bnr. 27/3, 38, 46, 52, 53, 58, 1249 og 1288. Førebels planområde er ca. 200 daa.

Planprogram



Figur 1-1 Førebels plangrense er vist med stiplet strek.

1.4 Premissar for planarbeidet

Tiltakshavar har fått støtte gjennom Enovas støtteprogram «hydrogenproduksjon til maritim transport 2027».

1.5 Lovgrunnlaget

Plan- og bygningslova set rammene for korleis, kvar og kva me kan bygge i Noreg.

Brann- og eksplosjonsvernlova med Storulykeforskrifta har som føremål å forebygge og redusere konsekvensane av storulykker i verksemder med farlege kjemikalier.

Forureiningslova skal verna det ytre miljøet mot forureining og redusera eksisterande forureining, og dessutan redusera mengd av avfall og fremja betre avfallshandtering.

Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldslova). Lova fastset krav og mål for varetaking av naturtypar og artar. Lova omhandlar prinsipp for offentlege avgjersler som skal leggast til grunn for all arealplanlegging. Avgjerder skal byggja på kunnskap om naturmangfald (kunnskapsgrunnlaget). Planforslaget kan innebera inngrep i ubygde areal og få følgjer for naturmangfaldet. Planen skal vurderast i samsvar med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

1.6 Plan og utgreingar som ligg til grunn for arbeidet

1.6.1 Forholdet til overordna plan og statlege retningslinjer

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2019-2023.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremja ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i

Planprogram

arbeidet i fylkeskommunane og kommunane med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege styresmakters medverknad i planlegginga.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)

Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012)

Meld. ST.13 (20-21)

Meldinga presenterer strategien til regjeringa for oppfyljing av klima forpliktinga for 2030. Regjeringa arbeider for å oppfylle Parisforpliktinga saman med EU. I statusmeldinga står det at Regjeringa vil utarbeida ein nasjonal plan for infrastruktur for alternative drivstoff for transportsektoren. Planen skal mellom anna få følgjer for ladeinfrastruktur for el- og fyllestasjonar for hydrogen og biogass som samsvarer med måltala om nullutsleppskøyretøy fram mot 2030, og dessutan klimavennleg drivstoff innanfor innanriks sjøfart.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Vestland fylkeskommune framhevar hydrogenproduksjon som ein av verdikjedene i Noreg med særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar.

1.6.2 Kommuneplanen for Kinn (2017–2027)

Aktuelt område for hydrogenanlegg ligg innanfor området mellom Gaddholmen og Perholmen og avsett til industriføremål i «Kommuneplanens arealdel 2017-2027» PlanID 140120140001 (vedtatt 21.03.2017).



Figur 1-2 Utsnitt av gjeldande kommuneplan med markert aktuelt område for førebels planområde. Kjelde: Kommunekart.com

1.6.3 Reguleringsplanar

Gjeldande områdeplan «Områderegulering for Floreland nord, næring» PlanID 140120110106, vedteke 28.01.2014.



Figur 1-3 Gjeldande områdereguleringsskisse. Planområde er markert med gul stiplet strek.

Området regulert for industri, vegetasjonsskjerm, friluftsområde, køyreveg, gang-/sykkelveg, anna veggrunn - grøntareal og naturområde - grønstruktur. Vegen er knytt til rekkefølgekrev for framtidig utbygging av Rota.

Område er ein del av industriføremålet I1, tillate tomteutnytting er fastsett i prosent bebygd areal, BYA=60%. Maks byggehøgde er kote +15. Planeringskote +3 meter.



Figur 1-4 Utsnitt av gjeldande områdeplan med forslag til ny tomteavgrensing vist med svart tjukk strek. Regulert veg er vist med grå farge. Kjelde: Fjord Base AS

1.6.4 Pågåande planarbeid


Kinn kommune arbeider for tida med ein ny kommuneplan (KPA) for 2023-2033. Kommuneplanens arealdel (planid 4602_20200002) har vore ute på offentlig ettersyn frå 07.07.2023 til 03.11.2023. Førebels planområdet er avsett til industri. Forslaget til ny KPA medfører nokre endringar innanfor planområdet. Delar av planområdet er no omfatta av ei faresone for flaum og ei omsynssone for bevaring av naturmiljø. I tilgrensande områder blir meir areal satt av til industri/næring.

Det er også under oppstart eit planarbeid for utvikling av oppdrett på land på nabotomt i vest, med oppstartsmøte den 03.12.24 (Privat detaljregulering for Lyngholmen - Langholmsundet, gbnr 27/3 mfl, næring og veg, planID 20240008). Forslagsstillar WIS Holding AS, plankonsulent Norconsult AS.

Eksisterande tilgjengeleg areal vil vere tatt i bruk innan utgangen av 2025, og det er derfor trong for utviding. Forslagsstillar WIS Holding AS viser til at justering og vidareføring av veglinja til Rota gjev potensiale for fylling i sjø og utvikling av meir næringsareal som kan knytast til eksisterande opparbeidd infrastruktur, se Figur 1-5 under. Dette vil også gje potensiale for å etablere ein «grøn

Planprogram

buffer» mellom næringsaktivitet og byutvikling, båtliv og rekreasjon, noko som og vil kunne gjere det mogleg å etablere ei ny båthamn og anna rekreasjonsområde på Langholmen og St. Helena. Tiltaket vil gjere det mogleg å løyse ut Rota sør for byutvikling. Rota ligg til venstre for planområdet, jfr. Figur 1-6 under, Kommuneplan under arbeid.



Figur 1-5 Forslag til planområde oppdrett på land. Regulert off.veg, orange pil, ny offentlig erstatningsveg mrøk pil. Foreliggende planområde, gul sirkel. Kartkjelde: sak 066/24 Plan og miljøutvalet Kinn kommune



Figur 1-6: Kommuneplan under arbeid. Øya Rota til venstre. Varslingsgrense markert som gul firkant. Kjelde: kommunekart.com

Kommunen informerer om at det er påbegynt reguleringsplanarbeid på Rota. Dei planlegg ein anna tilkomst dit enn den som er forutsett i områdeplanen. Dersom veg lenger sør blir ein realitet, kan regulert veg i takast ut av planforslaget og nyttast til hydrogenanlegg, , sjå Figur 1-4 over.

Andre påbegynte planar i området er «Privat detaljregulering for Tenneskjeret, gbnr 27/1249, næring», der det skal leggest til rette for bunkringsstasjon for ammoniakk aust på Perholmen.

Planprogram

1.6.5 Naudsynte løyve etter anna lovverk

Søknad til DSB skal vere godkjent før evt. etablering av eit hydrogenanlegg innanfor området.

Utsleppsløyve etter forureiningslova. Drift av industriverksemda vil kunne kreve utsleppsløyver som ivaretek utslepp til luft, vatn, grunn og avfallshandtering.

1.7 Krav om konsekvensutredning

Tiltaket fell inn under § 6 planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.

Planen legg til rette for tiltak i Vedlegg I, pkt. 6b) i Forskrift om konsekvensutredning. *Integrerte kjemiske installasjoner, dvs. anlegg for fremstilling i industriell målestokk av stoffer ved hjelp av kjemiske omdanningsprosesser, der flere enheter ligger ved siden av hverandre og funksjonelt sett høyrer sammen, og som er beregnet på:*

a) *Fremstilling av uorganiske basiskjemikalier.*

Eit hydrogenanlegg er å betrakta som eit anlegg som framkallar uorganiske basiskjemikalier.

Forskriftas § 17 første ledd siste punktum seier: Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang skal tilpassast den aktuelle planen og vere relevant for dei avgjersler som skal takast. Det aktuelle området er regulert for mellom anna industri, og er allereie tilrettelagt/opparbeidd. I samband med reguleringsendringa vert det derfor fokusert utelukkande på dei forholda kor eit hydrogenanlegg skil seg ut frå «vanleg» industri. Dette gjeld i all hovudsak forhold knytt til risiko, sårbarheit og samfunnssikkerheit.

I og med at tiltaket kan medføre fare for brann og eksplosjon, må fareområder vurderast og avklarast i reguleringsplanen. Temaet «beredskap og ulykkesrisiko» vil vere aktuelt tema i ny konsekvensutgreiing.

Naturmangfald er eit aktuelt tema fordi det er registeret raudlista artar innafør førebels planområde.

Friluftsliv er eit aktuelt tema fordi sjøområdet er regulert til friluftsområde.

Område ligg innafør fare for stormflo. Flaumfare er eit aktuelt tema for utgreiinga.

2 Omtale av planområdet


2.1 Staden

Planområdet ligg ca. 1 km nord for Florø sentrum. Førebels planområde omfattar heile eller deler av eigedomane gnr/bnr. 27/3, 27/38, 27/46, 27/53, 27/58, 27/1249 og 27/1288.

Planområdet er ein del av eit større industriområde, og det er ingen bustader i nærleiken av planområdet. Sør for planområdet ligg fleire mindre øyer og holmar; Langholmen, St.Helena, Gaddholmen og Perholmane. Vest for planområdet ligg ei litt større øy med namn Rota. Det ligg ein fritidsbustad på Sankt Helena som vert regelmessig brukt. Elles er det ingen fastbuande på desse øyene.

Planområdet er opparbeidd og ligg delvis på fylling i sjø. Vegar mellom holmar bind området saman. Den planlagde tomte ligg heilt i ytterkanten av Fjord Base sitt område, lengst vest på basen ut mot fjorden. Fjord Base består av 9 kaiar og 1 060 daa kor det skal byggast ut for industri.

Tilkomst er via riksveg 5 til kommunalveg (Botnavegen), deretter på privat veg fram til planområdet.



Figur 2-1 Flyfoto av tomta si plassering (gul ring) på Fjord Base. Kjelde: Kommunekart.no

2.2 Influensområdet

Influensområdet er område utanfor planområdet som kan bli påverka av planen eller tiltaka. Storleiken på influensområde varierer etter utgreiingstema, t.d. forureining og trafikk. Det er planlagt at Kai E på Fjord base (aust for planområdet) skal nyttast til konteinarswap¹, og vil dermed vere ein naturleg del av influensområdet med tanke på konsekvensar for skips- og vegtrafikk, sjå *Figur 4-* lenger nede i dokumentet.

3 Viktige problemstillingar til miljø og samfunn

3.1 Eksplosjon og brannfare

Hydrogen er ein fargelaus, luktfri og ikkje-giftig gass. Hydrogen har mykje lågare tettheit enn luft (1/14), og vil stige oppover og fortynnast til ufarlege konsentrasjonar ved utslepp i det fri. Konsekvensen av ein lekkasje kjem an på omfanget av lekkasjen. Farar vil primært vere knytt til lekkasje med evt. påfølgande brann/eksplosjon. Lekkasje kan skje frå tankar, røyrleidningar og utstyr i samband med produksjon, lagring og fylling av konteinarar.

3.2 Naturmangfald


Ca. 100 m sør for tomta er det registrert to naturtypar av stor og svært stor verdi, sjå *Figur 3-1*. Den eine naturtypen er på Lyngholmen, kystlynghei av svært stor verdi. Den andre naturtypen er Naturbeitemark av stor verdi og ligg på øya Sankt Helena. Begge naturtypane ligg innanfor varsla planområde.

¹Type godskontainer som brukes til vei- og jernbanetransport


Planprogram

Det går fram av Artskart at det i 2024 er registrert fleire raudlista planteartar innanfor planområdet. På Lyngholmen er det registrert den nær truga arten Heistorr, medan på Sankt Helena er det og registrert fleire artar av særleg stor forvaltningsinteresse, som Geitsvingel, Grusstarr og Strandkjeks.

Registrerte raudlista fugleartar som Storspove, Storskarv, Lomvi og Tjeld er registret i samband med konsekvensutgreiinga for gjeldande plan.



Figur 3-1 Registreringar av truga artar (gul) og artar med særleg stor forvaltningsinteresse (oransje). Kjelde: Fylkesatlas.




Figur 3-2: Naturtypar KU-verdi. Kjelde: Miljødirektoratet.no

3.3 Naturfare

Området kan vere utsett for stormflo, jfr. utsnitt fra NVE atlas under.

Planprogram



Figur 3-3 200 års stormflo. Kjelde: NVE

Det er registrert aktsemdsområde for radon på øya St. Helana like sør for planområdet.

3.4 Friluftsliv

I gjeldande områdeplan er friluftsliv konsekvensutgreidd. Der står det følgjande:

«Men med nærleiken til Florø by har øyene ein høg verdi som rekreasjonsområde. Sørsida er for tett på sentrum til at det er attraktivt å fiske, medan nordsida og småsunda aust for Rota til ein viss grad blir brukt til fiske. Sjøområda kring holmar og skjær er eit eldorado for padling, med store grunne områder og smale passasjar i aust. Området har blitt brukt i aukande grad dei siste 15 åra i takt med den stigande interessa for padling. Rota og øyene som ligg nærmast Florø sentrum, vert ikkje direkte berørt og kan framleis brukast til friluftsliv. Attraktiviteten for desse øyane kan verte noko redusert grunna støyande aktivitet frå industrien på Gaddholmen. Samstundes kan kontrasten mellom det uberørte og det berørte vere ein ekstra opplevingskvalitet.»

Det er dermed vurdert at sjøområda rundt Lyngholmen og St. Helena kan nyttast til friluftsliv og sjøområda her er i gjeldande plan regulert til friluftsområde.

3.5 Anna

Området er ein del av landskapsregionen Kinn/Florø som er gitt verdien B, regionalt nivå (landskapssamanhengar). *Botnafjorden* og *St. Helena* er gitt verdien C, lokalt nivå (landskapsområde). Kjelde, Fylkesatlas.no.

Floreвика er registrert som eit regionalt viktig gyteområde for torsk.

Det er elles ingen registreringar av kulturminne, landbruk, forureining eller støy.

3.6 Risiko- og sårbarhetsanalyse

Sentrale tema for ROS-analyse i dette prosjektet vert vurdert å vera:

- Havnivåstigning og bølgepåvirknad
- Vind/ ekstremnedbør (overvatn)
- Jordskjelv

Planprogram

- Brann/ eksplosjon industrianlegg
- Kjemikalieutslepp og anna akutt forureining
- Transport av farleg gods
- Framkomst for utrykkingskøyretøy
- Slokkevatn for brannvesenet
- Tilsikta handlingar
- Skipstrafikk
- Hydrogentransport

4 Omtale av planforslaget

4.1 Utforming

Føremålet med tiltaket er å legge til rette for etablering av eit 20 MW hydrogenanlegg på Fjord Base. Bilde under viser eit tilsvarande hydrogenanlegg på 1MW. Anlegget er lokalisert i Egersund, og vart opna i februar 2024. Anlegget har det same prinsipielle design konsept som dette prosjektet, men i mindre størrelse.

Regulert offentlig veg frå gjeldande områdeplan vert vidareført i denne planen, enten slik den ligg i dag eller som ei parallell løysing med utfylling i sjø. Denne vegen er ikkje naudsynt for hydrogenanlegget eller næringsparken, og vert venteleg erstatta i tilgrensande plan, jfr. kpt. 1.6.4.



Figur 4-1 Kaupanes hydrogenanlegg. Kjelde: HYDS

Hydrogenet skal produserast med straum og vatn, og skal leverast til skip som går heilt eller delvis på komprimert hydrogen. Tiltakshavar har fått støtte gjennom Enovas støtteprogram «hydrogenproduksjon til maritim transport 2027» og vil bli ein del av Noregs infrastruktur for hydrogenbunkring.

Planprogram

Planinitiativet skal legge til rette for produksjonsanlegg for hydrogen(gass), fyllestasjoner og lager for hydrogenkonteinrar. Konteinrarane vert mellomagra på HyFuel tomte eller utskipningsområdet. Planforslaget vil samstundes leggje til rette for produksjonsutstyr som kan gjere hydrogenet flytande (LH2).

Tiltakshavar vil bruke kai E, sjå *Figur 4-* under, for konteinarswap. Fjordbase vil handtere intern logistikk. Produksjonskapasiteten til anlegget er 8 640 kg h₂/døgn. Det kan fyllast tre 40 konteinrar kvar 6. time.

Det er ynskjeleg med 7000 m² for første byggetrinn og for byggetrinn 2 tilsvarande stort, maks 10 000 m². Kor mykje areal som i praksis vert tilgjengeleg, avheng av om den regulerte kommunale vegen vert flytta. Maks byggehøgde vert + kote 15 og maks %BYA 60, som i eksisterande plan.

Planlagt operasjonsstart er 2027, jfr. krav som fastsett i Enova program.

4.2 Vatn og avlaup

Det må avklarast om eksisterende vann og avløpsanlegg har tilstrekkelig kapasitet. Både tilknytting til vatnforsyning og utslippspunkt av vatn vert omtala i planarbeidet.

Hydrogenanlegget vert forsynt med straum via det lokale straumnettet. Linja AS er områdekonsesjonæren for nettanlegg i Florø. Nettreservasjon for kraftbehovet er bekrefta av Linja AS hausten 2024 basert på modenheitsvurdering av prosjektet.



Figur 4- HyFuel sitt planlagte område for hydrogenproduksjon og utskipingsområde. Kjelde Hyfuel

4.3 Skalerbart anlegg

Utforming av anlegget vil ta omsyn til at det skal legge til rette for moglege oppskalering framtida slik at HyFuel kan følgje ein marknad i vekst med ei framtidig utviding med flytandegjøringsanlegg (endring til flytande hydrogen). Førebels skisse er utforma med tanke på eventuell utviding for eit slikt anlegg. Sjå bilete under som skisserer planlagt anlegg, samt området i grønt som viser framtidig

Planprogram

utviding (om lag 6000-7000 m²). Planen må ta omsyn til regulert offentlig veg, og legge til rette for at den kan byggast om den ikkje vert erstatta av anna veg i tilgrensande plan i sør, sjå kpt. 1.6.4 over.



Figur 4-2 Førebels skisse av planlagt anlegg, samt område i grønt som viser framtidig utviding. Kjelde: HYDS

4.4 Industrielle symbioser

HyFuel AS er i tett dialog med Havlandet havbruk for å distribuera overskotsvarme dersom dette blir teknologisk plausibelt i framtida. I tillegg til utnytting av varmen vert det også jobba med moglegheit for å utnytta oksygenet (biprodukt) frå prosessen. Det er førebels ingen kjende aktørar som tek vara på oksygenet frå elektrolyseprosessen.

4.5 Trafikk og tilkomst


Anlegget skapar lite trafikk. Basert på produksjonskapasitet er det venteleg 15 bilar per dag inne på basens område. Vegtilkomst er planlagt frå eksisterande veg nord for anleggsområdet.

5 Alternativ lokalisering av tomt

Det er vurdert ei anna tomt, den er også inne på basen.

Første vurdering var på Perholmen med tilhøyrande bunkringsanlegg. I tidleg fase skulle HyFuel fasilitere bunkring av hurtigbåtar, og sluttbrukarane ynskja at bunkring skulle foregå innaskjærs, utan at hurtigbåtane måtte køyre rundt Rota. I seinare tid såg ein synergjar av å flytte tomte endå nærmare Havlandet, samtidig som behovet for bunkringslekter til hurtigbåtar ikkje lenger blei like relevant.

Valgte lokalisering ligg godt til rette for utnytting av biprodukt og minst mogleg naturinngrep med plasseing nærmast Havlandet.



Figur 5-1 Alternativ lokalisering vist med raud pil. Kjelde: Fjordbase

6 Oppfølging av planinitiativet

Sentrale tema vert tilkomst, brann- og eksplosjonsfare, naturmangfald på tilgrensande øyer og friluftsliv.

7 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Tiltakshavar ber alle kostnader med planarbeidet, og har ei intensjonsavtale med eigar av tomta. Tiltaket får ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

8 Planprosess

Det blei gitt positivt vedtak til oppstart av planarbeid i planmøte 3. oktober 2024. I etterkant er det avdekt at tiltaket vil løyse ut krav om konsekvensutgreiing og planprogram. Det vert derfor sendt inn eit nytt planinitiativ saman med planprogram. Planprogrammet vert lagt ut på høyring samstundes som det vert varsla oppstart av planarbeidet.

8.1 Framdriftsplan

Intensjonen er at reguleringsplanen skal vedtakast i tidleg i 2026. Framdriftsplanen er mellom anna avhengig av at naudsynte politiske avgjersle vert treft til planlagt tid og at avgjerslegrunnlaget er tilstrekkeleg utgreia innan planlagde fristar. Samhandling og ein tett dialog med ulike instansar, interessentar og råka partar vil og kunne påverke framdrifta. Tabell 8-1 viser forslag til framdriftsplan for planprogram og reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

Planprogram

Tabell 8-1 førebels framdriftsplan

Fase	Aktivitet	Tid
Fase 1 Planprogram og høyring, Kommunen si handsaming og vedtak.	Forslag til planprogram vert lagt ut til offentlig ettersyn, og samtidig kunngjerast oppstart av arbeidet med reguleringsplan og konsekvensutgreiing	Des 2024
	Høyringsperiode	Des 2024- jan 2025
	Kinn kommune fastset planprogrammet	Mars 2025
Fase 2 Vurdere innkomne merknader. Lage forslag til reguleringsplan og konsekvensutredning	Utarbeide konsekvensutgreiing og forslag til detaljreguleringsplan. Synfaring. Dialog med myndigheiter.	Jan-juli 2025
Fase 3 Kommunen si sakshandsaming. Høyring. Eventuell bearbeiding av forslag.	Kommunal handsaming	Aug -okt 2025
	Høyringsperiode	Okt -nov 2025
	Kommunal handsaming og vedtak	Jan-feb 2026

8.2 Informasjon og medverknad

Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 5-1 set krav til medverknad i planprosessen. I samsvar med § 14 i forskrift om konsekvensutgreiingar skal planprogrammet innehalda ei skildring av opplegg for medverknad, spesielt med tanke på grupper som ein reknar med blir særleg ramma.


Berørte, interessenter og offentlege instansar får moglegheit til å kome med opplysningar og merknader til oppstartsvarelet og planprogram, samt når planforslag vert lagt ut til offentlig ettersyn. HyFuel ønsker å bidra til god medverknad gjennom planprosessen, og vil kalle inn til ope nabomøte i samband med varsel om oppstart.

Kommunen vil venteleg arrangere offentlig folkemøte i samband med høyring av planforslaget.

8.3 Utgreiingsbehov i planprosessen

8.3.1 0 alternativet

0-alternativet utgjer referansealternativet i konsekvensutgreiinga, som det planlagde tiltaket skal vurderast mot. Det tar utgangspunkt i vestre del av dagens vedtatt områderegulering 140120110106 for Floreland nord (28.01.2014), og vil skildre den mest realistiske utviklinga av området utan etablering av Hydrogenanlegget.



Planprogram

Figur 8-1 Vedtatt områderegulering for Floreland nord PlanID 140120110106. (28.01.2014) Industriområdet er lilla, regulert veganlegg er grått/rosa/brunt. Blått areal er friluftsområde. Øvrigt areal er regulert til naturområde.

8.3.2 Oversikt over tema som skal skildrast eller konsekvensutgreiast

Konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 er nytta for å vurdere kva slags tema som bør takast med i utgreiinga, saman med forslag til tema frå planinitiativet. Oversikt over aktuelle tema for konsekvensutgreiing (KU) etter forskrifta og Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er synt i tabellen under. Under kolonna for vurdering er det skildra/kommentert om tema er aktuelt, kva tilhøve som er viktige, og om det skal/bør omtalast i KU eller i planskildringa.

Tema som ikkje skal konsekvensutgreiast etter forskrift om konsekvensutgreiing vert vurdert i planskildringa. Metode for utgreiing skal gjerast etter rettleiar M-1941 – Konsekvensutgreiing av klima og miljø (Miljødirektoratet). <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/metode-for-utredning/>

Tabell 7-1. Tema som vert vurdert som vesentlege for miljø og samfunn, jf. KU-forskrifta § 21.

Tema	KU	Plan- omtale	Metode for utgreiing	Grunngjevnad/kommentar
Naturmangfald	Ja	Ja	M-1941, feltarbeid på sommarh alvåret.	Aktuelle naturmiljø på land og i sjø innanfor planområdet er konsekvensutgreidd i gjeldande områdeplan, jf. <i>KU naturmiljø land – Rådgjevande biologer 20.08.13</i> og <i>KU marint naturmiljø Rådgivende biologer 15.01.13</i> . Naturmangfald er eit aktuelt tema fordi det er registrert raudlista artar innafor førebels planområde.
Landskap	Nei	Ja		Landskap innanfor planområdet er allereie konsekvensutgreidd i gjeldande områdeplan, jf. <i>KU landskap – Asplan Viak 04.09.13</i> . Det aktuelle område er allereie planert og opparbeida for industrietablering. Landskapet er flatt og anlegget vert synleg frå omgjevnadane. Anlegget vert ikkje særleg ruvande (sjå bilde i kpt. 4) med maks byggehøgde kote +15 meter.
Kulturmiljø	Nei	Ja		Aktuelle kulturminne og kulturmiljø innanfor planområdet er allereie konsekvensutgreidd i gjeldande områdeplan, jf. <i>KU kulturminne ver 3.0 – Rådgjevande arkeologar 19.09.13</i>
Friluftsliv (inkludert barn og unges oppvekstvilkår)	Ja	Ja	M-1941, feltarbeid .	Friluftsliv innanfor planområdet er konsekvensutgreidd i gjeldande områdeplan, jf. <i>KU Floreland nord nordplan 2013</i> . Det er vurdert i KU-en at holmane sør for området kan framleis

Planprogram

				verte nytta til friluftsliv. Innanfor varslingsgrensa er sjøområdet regulert til friluftsområde. Temaet friluftsliv vil dermed vere aktuelt tema.
Klimagass- utslepp	Nei	Ja		Hydrogenproduksjon vil foregå ved elektrolyse, og vil ikkje ha anna utslepp enn varme og oksygen.
Støy	Nei	Ja		Støy innanfor planområdet er allereie konskevensutgreidd i gjeldande områdeplan, jf. <i>KU Floreland nord nordplan 2013</i> . Sjølve tiltaket vil generere støy. Basert på erfaring frå liknande anlegg i drift og bruk av denne typen produksjonsutstyr vil støy generert frå anlegget ligge godt innanfor anbefalte grenseverdier for industristøy i T-1442.
Luftforureining	Nei	Ja		Hydrogenproduksjon vil foregå ved elektrolyse, og vil ikkje ha anna utslepp enn varme og oksygen. Hydrogen er ein fargelaus, luktfri og ikkje-giftig gass. Hydrogen har mykje lågare tettheit enn luft (1/14), og vil stige oppover og fortynnast til ufarlege konsentrasjonar ved utslepp i det fri (eventuelle lekasjar).
Grunnforureining og vassmiljø	Nei	ja		Hydrogenproduksjonen vil foregå ved elektrolyse og vil ikkje ha andre utslepp enn reint oksygen og varme. Det vert nytta reint vatn og elektrisitet. Når hydrogenet vert nytta som energiberar vil det einaste utsleppet vere reint vatn.
Beredskap og ulykkesrisiko	Ja	Ja		Fastsetting av risiko i omsynssona omkring hydrogenanlegget ivaretas i reguleringsplanen. Søknadsprosess mot DSB for samtykke til etablering av hydrogenanlegg vil foregå parallelt. Temaet er aktuelt for utgreiinga då det risiko for brann- og eksplosjonsfare.
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet	Nei	Ja		I gjeldande områdeplan er det stilt høge estetiske krav til utforming av fasadar for bygningar i I1-I2 som ikkje har direkte kaitilknytning. Temaet vil verte utgreia i planomtale.
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Nei	Ja		Anlegget skapar lite trafikk. Basert på produksjonskapasitet, venteleg 15 biler pr. dag inne på basens område. Det må avklarast eksisterande vatn- og avløpsanlegg knytt til

Planprogram

				<p>eksisterande bygg har tilstrekkeleg kapasitet. Både tilknytning til vassforsyning og utsleppspunkt av vatn vil omtalast i planarbeidet.</p> <p>Hydrogenanlegget vert forsynt med straum via det lokale straumnettet. Nettreservasjon for kraftbehovet er bekrefta av Linja hausten 2024 basert på modenheitsvurdering av prosjektet. Tema vert skildra i planomtala.</p>
Verknadar som følgje av klimaendringar, (risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred)	Nei	Ja		<p>Område ligg innafor fare for stormflo. Flaumfare er eit aktuelt tema for ROS analysa.</p> <p>Tiltaka skal byggast på ei fylling i sjøen. Områdestabiliet er eit aktuelt tema for ROS analysa.</p>